



**VENSTRE**

**Fylkestingsvalprogram for**

**Vestland Venstre**

**2023-2027**

# Innhold

<b>Optimisme, livsglede og grønn utvikling</b>	<b>3</b>
Venstres idégrunnlag	<b>3</b>
<b>Klima og natur</b>	<b>3</b>
Klimatiltak	<b>3</b>
Grøne reiser og kollektivtransport	<b>4</b>
Energiproduksjon og energieffektivisering	<b>5</b>
Arealpolitikk	<b>6</b>
Sirkulærøkonomi og gjenbruk	<b>7</b>
<b>Næring og arbeidsplassar</b>	<b>8</b>
Regional næringspolitikk	<b>8</b>
Landbruk, havbruk, fiskeri og reiseliv	<b>9</b>
Stadsuavhengige arbeidsplassar	<b>10</b>
<b>Skule og utdanning</b>	<b>11</b>
Vidaregåande skule	<b>11</b>
Høgare utdanning	<b>13</b>
Folkehøgskule	<b>14</b>
Psykisk helse	<b>14</b>
<b>Samferdsle</b>	<b>15</b>
<b>Kultur</b>	<b>16</b>
Kulturliv	<b>16</b>
Frivilligheit, idrett og friluftsliv	<b>17</b>
Kulturhistorie og kulturmiljø	<b>18</b>
<b>Folkehelse</b>	<b>18</b>
<b>Tannhelse</b>	<b>19</b>
<b>Vestland fylke</b>	<b>20</b>

# Optimisme, livsglede og grønn utvikling

Venstre har trua på krafta i dei demokratiske og politiske prosessane. Når vi står for noko i ein valkamp, prioriterer vi det også i budsjetta. Ønsker du ein grønn, optimistisk og open styring av fylkeskommunen, er Venstre det rette valet for deg.

## Venstres idégrunnlag

Venstre er eit grønt, liberalt og sosialt parti. Venstre vil at den einskilde tek ansvar for seg sjølv, for andre, for miljøet og for komande generasjonar. Samstundes som samfunnet skal setje folk i stand til å ta vare på seg sjølv, så skal det offentlege vere der for dei av oss som treng hjelp og støtte.

Venstre vil ha eit likestilt og inkluderande samfunn som byggjer på demokrati, rettsstaten, ein regulert marknadsøkonomi og eit aktivt sivilt samfunn.

## Klima og natur

### Klimatiltak

FNs berekraftsmål er førande for Vestland Venstre sin politikk. Samarbeid mellom næringsliv, kommune og lokalsamfunn er nødvendig for å finne løysingar som får ned dei lokale utsleppa. Den viktigaste rollen fylkeskommunen kan spele, er å legge til rette for grønn næringsutvikling og å ta i bruk det handlingsrommet fylkeskommunane har til å leie an i klimaarbeidet.

### Venstre vil:

- Vidareutvikle og strengt følgje klimabudsjett og klimarekneskap i fylkeskommunen, og underlegge desse revisjon
- At fylkeskommunen gjennom Klimapartnere Vestland bidrar til at

- kommunar og verksemdar innfører klimabudsjett og klimarekneskap
- Stille krav om utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar der fylkeskommunen sjølv er byggherre
  - Stille strenge klima- og miljøkrav i alle offentlege innkjøp
  - At klimagevinsten i rehabilitering framfor riving, alltid skal vurderast i fylkeskommunale eigendomsprosjekt
  - Vere positive til å etablere karbonfangst- og lagring på alle større punktutslepp, blant anna på avfalls- og forbrenningsanlegg
  - At fylkeskommunen gjennom Klimapartnere Vestland bidrar til at kommunar og bedrifter langs kysten og fjordane kan utvikle og iverksetje systematiske tiltak for at hav og marint liv kan takast vare på
  - Stimulera til framtidsretta, innovativ og berekraftig hausting og dyrking av havet
  - Legge til grunn at ivaretaking og vern av intakt natur er det beste klimatiltaket, i tråd med FN sine berekraftsmål

### **Grøne reiser og kollektivtransport**

Venstre vil etablere fleire ladestasjonar, både ute i regionane, ved kollektivknutepunkt og ved store parkeringsplassar. Vi vil stille krav til nullutslepp i kollektivtrafikken og samarbeide med staten om å elektrifisere tungtransporten. Kollektivtransporten skal vere billeg og tilgjengeleg.

#### **Venstre vil:**

- Senke prisen på ein 30-dagers periodebillett innanfor same sone til 499kr for vaksne, og senke prisen for studentar, honnør og ungdom med minimum 250 kr.
- At barn og ungdom under 18 år og elevar under vidaregåande opplæring skal få kunne reise gratis med kollektivtransport
- Tillate reklame i kollektivtrafikken for å finansiere billegare kollektivbillettar
- Prøve ut fleksible billettsystem, til dømes ved at enkeltbillettar automatisk blir endra til periodebillettar når det løner seg for brukaren

- Sikre betre tilhøve for kollektiv, sykkel og gange framfor privatbil i alle samferdsleprosjekt der dette er relevant
- Legge til rette for at kollektivtrafikken kan løyse fleire kvardagsproblem gjennom bestillingstransport, til dømes aldersvenleg transport, henting og levering til fritidsaktivitetar og skuleskyss
- Sikre at buss, bane, ferje, båt og fly har føreseieleg og saumlaus korrespondanse og legge til rette for at det er enkelt å ta med sykkel på buss og båt
- At alle kollektivknutepunkt har funksjonelle venterom med toalett, internett og lademoglegheiter
- Stille krav om utsleppsfri kollektivtrafikk
- Bygge Bybanen til alle bydelar i Bergen, og sikre framdrifta på utbygginga av Bybanen til Åsane
- Bygge ut gang- og sykkelvegnettet i Vestland
- Samarbeide med næringslivet for å legge til rette for heilskaplege utsleppsfrie løysingar for tunge køyretøy særleg knytt til verdsarvområde
- Ha ein full gjennomgang av ferje og båttilbodet i fylket, når det gjeld ruteproduksjon og pris på hurtigbåtruter

### **Energiproduksjon og energieffektivisering**

Kraftbehovet er aukande frå år til år. For å møte klimakrisa er vi nøydde til å både auke produksjonen av fornybar energi og energieffektivisere samfunnet rundt oss. Venstre ønskjer å gjere det meir attraktivt for innbyggjarar og bedrifter å starte opp lokal, fornybar energiproduksjon.

#### **Venstre vil:**

- Stille krav til energieffektivitet i fylkeskommunen sine egne nybygg og rehabiliteringsprosjekt
- Miljøsertifisere bygg gjennom BREEAM-standarden eller tilsvarende strenge miljøstandardar
- Jobbe for å redusere offentleg energibruk, til dømes ved å bruke

sensorstyrte LED-lys i offentlege bygningar og langs vegar

- Få på plass solcelle- og solfangeranlegg på gamle og nye fylkeskommunale bygg
- I samarbeid med kommunane etablere klima- og energifond som gir tilskot til energieffektivisering og klimavenlege løysingar
- Vere positive til produksjon av vindkraft på stadar nær industriområde og vegprosjekt som allereie er nedbygde
- Vere positive til utvikling og produksjon av fornybar energi i Vestland, derunder havvind, bioenergi, bølgekraft, fjord- og jordvarme og solenergi. Utviklinga og produksjonen må skje på ein måte som i minst mogleg grad kjem i konflikt med naturverdiar og andre næringar som til dømes fiskeri
- Bygge ut kraftnettet for å møte det store behovet for kraft som særleg industrien har i møte med det grønne skiftet. Slik utbygging må gjerast på ein så skånsam måte som mogleg, der omsyn til natur og miljø skal vege tyngre enn eventuelle meirkostnader, til dømes ved bruk av kabling i sjø og jord
- At fylkeskommunen gjennom samarbeid med nettselskapa skal bidra til ei kartlegging av tilgjengelege takareal som eignar seg for solenergianlegg på offentlege og private næringsbygg. Nettselskapa bør oppmodast til å legge til rette for slik utbygging

## **Arealpolitikk**

Arealendringar er den største trusselen mot naturen. Dermed ligger svært mange av verkemidla for å ta vare på meir natur hos kommunane gjennom arealpolitikken dei fører. Venstre vil ta vare på meir natur lokalt, og stramme inn arealpolitikken for å hindre ytterlegare nedbygging av verdifulle natur- og friluftsområde.

### **Venstre vil:**

- Oppmode regjeringa til å innføre statlege belønningsordningar for kommunar som lykkast med arealnøytral utvikling
- Stille krav om arealrekneskap ved nye fylkeskommunale prosjekt

- Styrke dei regionale planane for å sørge for heilskapleg areal-, transport- og bustadplanlegging på tvers av kommunegrenser
- Legge til rette for fortetting med kvalitet i allereie utbygde område, inkludert å ivareta viktige grønstrukturar for folk og natur, og lokale biotopar og økosystem
- Vil at veg- og jernbaneprosjekt i byområde vurderast flyttast under bakken, slik at ein kan skape levande, trygge og grønne bydelar
- Følgje opp at fylkeskommunen og Statsforvaltar endrar praksis til å vere i tråd med nye statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Framleis verne allereie verna vassdrag
- Unngå nedbygging av myr, dyrka jord og tap av sårbare artar
- Arbeide for at det blir etablert fem nye nasjonalparkar i Vestland: Masfjordfjella, Øystesefjella, Sunnmørsalpane, Hornelen og Ålfotbreen
- Arbeide for at prosessar for marint vern for Korsfjorden, Ytre Hardanger-fjord, Dalsfjorden, Stad og Sognefjorden blir følgde opp
- Arbeide for at Naustdal-Gjengedal Landskapsvernområde blir gjort om til nasjonalpark, samt utvide Jotunheimen og Jostedalsbreen nasjonalparkar
- Støtte oppunder, sikre og styrke lokal forvaltning av nasjonalparkar og marine verneområde.

### **Sirkulærøkonomi og gjenbruk**

Nordmenn ligg i dag i verdstoppen på forbruk per innbyggjar, med tre gongar større forbruk enn den gjennomsnittlege europear. Materialfotavtrykket er nasjonens overforbruk av både ikkje-fornybare og fornybare ressursar. Venstre ønskjer å legge til rette for auka ressursgjenvinning og reduserte avfallsmengder i verdikjedene, gjennom ein slagkraftig sirkulærøkonomi.

### **Venstre vil:**

- Legge til rette for meir gjenbruk av materialer og varer i innkjøp og byggeprosjekt

- Legge til rette for meir bildeling
- Stille fylkeskommunale bygg til disposisjon for klesbyttedagar og liknande arrangement som oppmodar til gjenbruk
- Stimulere til auka privat hyttedeling og til fleire dele- og utlånsordningar
- Styrke utdanninga innanfor riving, demontering og restaurering med sikte på å styrke kompetansen innanfor gjenbruk i byggenæringa
- Støtte opp under tiltak som bidrar til at elektronikk heller blir reparert enn kasta
- Gi fortrinn til anbod med høg andel av materialgjenbruk ved fylkeskommunale prosjekt
- Jobbe for strengare krav til sirkulært design som mogleggjer effektiv reparasjon eller gjenbruk av material og produkt

## Næring og arbeidsplassar

### Regional næringspolitikk

Vestland står på terskelen til ein ny grøn industrialder, der klimagassutsleppa må reduserast samstundes som det må skapast fleire grønne arbeidsplassar. Venstre sitt mål med næringspolitikken er å skape ein region i vekst, der folk ønskjer å busetje seg og skape gode liv. Då må fleire bedrifter lykkast i å vakse seg store.

Det grønne skiftet vil trenge meir kraft i regionen, spesielt når fossilt brennstoff blir fasa ut av kraftkrevjande industri. Venstre vil vere ein sterk pådrivar for å sikre regionen tilgang på grøn kraft, for eksempel ved å oppgradere og effektivisere eksisterande kraftverk og linjenett

Fylket er ein stor innkjøpar, og må være ein drivkraft for å skape ein heimemarknad for ny grøn teknologi. Venstre vil difor vekte miljøkrav enno sterkare i kommande anbodsprosessar.

### Venstre vil:

- Aktivt støtte små og mellomstore bedrifter, entreprenørar og initiativ som ønsker å gjennomføre grøn omstilling, satse på gjenbruk og sirkulær



økonomi.

- Fremme sosialt entreprenørskap og støtte oppstartsgenerator-program som gir nye gründerar bistand i etableringsfasen
- Aktivt arbeide for å få fleire kvinner inn i styreverv i næringslivet
- Arbeide for og oppfordre til tiltak som støttar og utviklar kvinnelege leiarar og mellomleiarar
- Styrke satsinga på kvinnelege gründerbedrifter
- Gjennomgå fylkeskommunen sin praktisering av innkjøpsreglement, for å fremje innovative innkjøp, grønne innkjøp, gründervenlege anbodskontraktar, betre konkurranse og mindre detaljerte kravspesifikasjonar
- Vurdere å dele opp anbod i mindre kontraktar for at lokalt næringsliv kan delta i anbodskonkurransane
- Eksperimentere med nye former for samarbeid mellom det offentlege og private, med mål om å stimulere i ein meir berekraftig og grøn retning
- Etablere ein strategi for digitalisering i fylket i samarbeid mellom offentleg og privat sektor, og delta i prosjekt for å gjere data tilgjengelege i format som kan brukast til å utvikle lokalt næringsliv og forbetre det offentlege tenestetilbodet
- Satse på støtteordningar som legg til rette for skalering og kommersialisering av bedrifter
- Prioritere utviklingsprosjekt som fremmer samarbeid på tvers av bedrifter og klynger
- Styrke satsinga på Ungt Entreprenørskap i skulen

## **Landbruk, havbruk, fiskeri og reiseliv**

Landbruk, havbruk, fiskeri og reiseliv er berebjelkane for matforsyning, kulturlandskap, verdiskaping, busetnad, kultur og identitet i Vestland. Venstre vil ha ei berekraftig landbruk-, fiskeri- og reiselivsnæring. Vi vil ha berekraftige destinasjonar, som i større grad tek i bruk heile fylket, heile året.

## **Venstre vil:**

- At Vestland skal vere eit internasjonalt kraftsenter for marin kompetanse også i framtida
- Vere ein pådrivar for at vi kan auka haustinga frå havet basert på ny kunnskap og ny teknologi
- Hindre forsøpling av hav- og kystområda våre
- Gjere Vestland til eit føregangsfylke for utvikling av regionalparkar, geoparkar og biosfæreområde for å medverke til brei verdiskaping, lokalt eigarskap og aktiv forvaltning av ulike kultur- og naturlandskap
- Auka satsinga på kvalitet i alle ledd i fiskerinæringa og auke bruken av restråstoff frå fiskeria i anna næringsverksemd
- Jobbe for at eksisterande fiskerihamner vert haldne ved like på ein betre måte, og at nye fiskerihamner vert bygde der det er naudsynt
- Legge til rette for at unge menneske kan skape seg ei framtid i primærnæringane
- Aktivt jobbe for å auke andelen kvinner innan fiskerinæringa
- Legge til rette for meir småskalaproduksjon i landbruket
- Styrke satsinga på frukt, bær og grønsaker i fylket
- Legge til rette for at meir skogsavvirke foredlast i Vestland
- Verne om matjorda ved streng praktisering av jordvernet
- Legge til rette for å skape sterkare møteplassar mellom lokale matprodusentar og restaurantar
- Støtte opp om produktutvikling i reiselivet som sikrar lønsame og berekraftige reiselivsprodukt
- At samspelet mellom reiselivs- og kulturverksemdar skal bidra til auka aktivitet
- Ha nasjonale retningsliner for cruisetrafikken som gir kommunane høve til å setja tak på tal skip/besøkande dei tek i mot per dag
- Arbeide for at reiselivsdestinasjonar vert sertifiserte innan berekraft

### **Stadsuavhengige arbeidsplassar**

Dersom vi vil ha eit mangfaldig og kreativt næringsliv, er det essensielt at det blir lagt til rette for at arbeid kan gjerast frå kvar som helst. Med nye digitale tenester

og samhandling frå ulike stadar, er de eit mål for Venstre å jobbe for ein arbeidsmarknad som fungerer saumlaust, også for dei som jobbar desentralisert.

#### **Venstre vil:**

- Legge til rette for at fleire kan arbeide frå «hub-ar» over heile Vestland – ikkje berre frå hovudkontorbygg
- Bygge ut god breibandsdekning for å gjere det enklare å jobbe desentralisert
- Betre nettverkstilgangen på kollektivtransport for å legge til rette for betre arbeidsreiser
- Legge til rette for at det er enkelt å pendle miljøvenleg, og dermed jobbe nokre dagar lokalt og nokre dagar på arbeidsplassen

## **Skule og utdanning**

#### **Vidaregåande skule**

Det er fortsatt for mange som ikkje fullfører og består den vidaregåande opplæringa. For å redusere fråfallet er det viktig å styrke elevane sin valfridom og påverknad over eigen skulekvardag, og sikre læreplass til dei som vel yrkesfag. Vårt mål er å skape ein skule der alle elevar får moglegheita til å dyrke og utvikle sine eigne eigenskapar og interesser.

#### **Venstre vil:**

- Behalde fritt skuleval med ei reisegarantiordning som forhindrar urimeleg lang reiseveg
- Styrke tilbodet om nivåtilpassa opplæring og legge til rette for meir smidig praktisering når det gjeld bruk av unntaksparagrafen i lov om fagopplæring
- Prøve ut alternativ til tradisjonell eksamen som sluttvurdering
- Fremje likestilling og få betre kjønnsbalanse i arbeidslivet ved å motivere fleire gutar og jenter til å velje utradisjonelle utdanningsveggar

- Styrke rådgjevingstenesta på ungdomsskulen og i vidaregåande skule, spesielt med tanke på utradisjonelle utdannings- og yrkesval
- Sikre eit større tilbod av programfag på vidaregåande, gjennom blant anna digitale undervisningstilbod eller utlån av lærarar mellom skular i same område
- Intensivere arbeidet med å sikre alle læreplass, og legge til rette for at dei som ikkje får læreplass får eit betre tilbod enn i dag gjennom å styrke kvaliteten på fagbrev i skule og vekslingsmodellen
- Fullfinansiere utstyr på vidaregåande og i lærefaga ved å dekke skilnaden mellom utstyrsstipendet og dei reelle kostnadane
- Auke ressursane til tilrettelagt undervisning i yrkesfagleg studieretning slik at dei elevane som slit teoretisk får nødvendig hjelp til å kome seg gjennom utdanninga
- Innføre mentorordningar for yrkesfagelevar som slit med å kvalifisere seg til læreplass
- Etablere kombiklasser for mindre handverksfag som har for få søkarar til å etablere heile klassar
- Opne for å dele ut delkompetansebevis for elevar som manglar få fag for å ha fullt vitnemål
- Etablere fleire krysslaup mellom studiespesialiserande og yrkesfagleg studieretning
- Utvide tilbodet innan tekniske og allmenne fag (TAF)
- Styrke produksjonsskulane
- Elevar i målgruppa skal kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen. Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast. Tilbodet bør verta søknadsbaserte i tråd med fullføringsreforma, og ungdomar som går på produksjonsskule bør kunne behalde elevstatusen sin utan at dei brukar av opplæringsretten sin.
- Legge til rette for auka samarbeid mellom næringslivet og NAV for å få gitt kompetansebevis til ungdomar som fell utanfor skulen og arbeidsmarknaden
- Utvide tilbodet til vaksne som ønskjer å fullføre vidaregåande opplæring, anten med fagbrev eller studiekompetanse

- Oppmode til etablering av regionalt tilpassa friskular i samråd med næringslivet
- Tilby alle skuleelevar utdanning innan innovasjon, entre- og intrapenørskap
- Oppmode regjeringa til å auke bortebruarstipendet
- Gi asylsøkarar moglegheita til å ta vidaregåande opplæring
- Auke lokalpolitisk engasjement og deltaking blant elevane
- Styrke og differensiere opplæringstilbodet for flyktningar, blant anna med alternativ modell for fagopplæring (Gloppen-modellen)

### **Høgare utdanning**

Moglegheitene til å tilby høgare utdanning er avgjerande for å skape levande lokalsamfunn i Vestland. Samfunnet er i stadig utvikling, og med eit aukande behov for ny og kreativ kompetanse er det viktig at slike utdanningar finst lokalt. Venstre vil legge til rette for utdanning i regi av eller i tett dialog med lokalt næringsliv, med mål om å sikre kompetansebehov i regionane.

### **Venstre vil:**

- Auke tilgangen til fleksible og desentraliserte utdanningstilbod i samarbeid med kommunane for å oppfylle måla om livslang læring, samt behova for etter- og vidareutdanning
- Gjere det enklare å fullføre eit studium i kombinasjon med jobb
- Få fleire kvinner til å ta etter- og vidareutdanning
- Styrke satsinga på yrkesfagleg høgare utdanning i samarbeid med det lokale næringslivet, derunder etablere fleire fagskuletilbod med moglegheit for fleksibel opplæring tilpassa lokale og regionale behov
- Lage opptrappingsplanar for fagskulane i Vestland, og styrke dei faglege miljøa mellom universitet, høgskular og fagskular
- Bidra til at vertskommunar for høgare utdanningsinstitusjonar tar eit ekstra ansvar for å skape gode studiemiljø og får støtte til dette av fylkeskommunen
- Betre vilkåra for lærlingar og studentar i praksis i kommunane og

fylkeskommunen, mellom anna ved å styrke vilkåra for dei som rettleiar i praksis

### **Folkehøgskule**

Vestland er ein stor folkehøgskule-region, med 14 ulike folkehøgskular. For mange elevar kan eit år på folkehøgskule i eller etter vidaregåande opplæring vere eit svært viktig og nyttig år for sosial utvikling, retningsval i utdanninga eller for inkludering, integrering og venskap. Folkehøgskulane er dessutan viktige for levande lokalsamfunn i heile Vestland.

#### **Venstre vil:**

- At fylkeskommunen aktivt skal informere om folkehøgskuletilbodet i fylket til elevar i vidaregåande opplæring
- At fylkeskommunen skal vere ein føreseieleg samarbeidspartnar overfor folkehøgskulane

### **Psykisk helse**

Mange menneske, særleg barn og unge, slit med psykiske problem. I eit folkehelseperspektiv har fylkeskommunen eit ekstra ansvar for å betre den psykiske helsa og hindre psykiske lidningar. Venstre ønskjer fleire forebyggjande tiltak i skulen og i samarbeid med frivilligheita.

#### **Venstre vil:**

- Ha miljøkoordinator på kvar vidaregåande skule, og fleire og lett tilgjengelege helsesjukepleiarar og skulepsykologar
- Styrke seksualundervisninga med vekt på kroppsglede, nyting, LHBTIQ-tematikk og førebygging av seksualisert vald, seksuell trakassering og valdtekt
- Sørge for at elevar og tilsette får kunnskap om psykisk helse og kvar ein kan

få hjelp

- Styrke elevar sin digitale kompetanse for å hindre dårleg sjølvbilete, mobbing og hets

## Samferdsle

God infrastruktur er viktig for miljøet og for næringslivet. Venstre vil arbeide for at fylket, med sine naturgjevne utfordringar og moglegheiter, får ein større del av nasjonale samferdslemidlar.

### Venstre vil:

- Prioritere rassikring, gul midtstripe, sikkerheitstiltak og auka vegstandard
- Sikre statleg finansiering av viktige samferdselsprosjekt i Vestland, og deira prioritering opp mot Nasjonal Transportplan, mellom anna sikre kontinuitet i realiseringa av K5, den rasutsette strekninga Bergen - Voss, stamvegen Bergen-Oslo”
- Bygge saman bu- og arbeidsmarknadsregionar gjennom prosjekt som styrkar regional utvikling og intern samhandling i Vestland
- Bruke fergeavløysingsordninga aktivt for å realisere aktuelle samband
- Sikre vidare utbygging av Bybanen
- Etablere fleire ladestasjonar for elbil, inkludert hurtigladarar og ladestasjonar for drosje, særleg knytt til kollektivknutepunkt
- Vidareutvikle strategien for grøn utvikling av drosjepolitikken
- Sikra god belysning langs skuleveggar og i tunnelar
- Sørge for DAB- og mobildekning i alle tunellar
- Etablere hurtigbåtrute frå Bergen til Ålesund når Stad Skipstunnel gjer det mogleg
- Sikre full elektrifisering av resterande ferjesamband i fylket
- Krevje nullutsleppsløysingar på hurtigbåtane
- Legge til rette for elektrifisering av mindre fartøy, som fritidsbåtar og mindre arbeidsbåtar, gjennom å etablere ladepunkt for elbåt fleire stadar langs kysten

- Legge til rette for hydrogenstasjonar for landbasert og maritim transportsektor
- Rute meir av helikoptertrafikken til norsk sokkel frå Florø og Stord, i staden for å bygge ny rullebane på Flesland
- Arbeide for at Vestland fylke blir eit føregangsfylke for elektrifisering av luftfarten på ruter i og til fylket
- Legge til rette for båtruter til å frakte containerar frå nye Bergen havn til mindre havnar - sørgje for å flytte frakt frå veg til sjø

## Kultur

### Kulturliv

Kultur og kulturuttrykk fyller menneske sine liv med meining og innhald. Kulturlivet er ein viktig føresetnad for eit godt samfunn, og ein viktig føresetnad for at opne demokratiske samfunn skal fungere. Derfor er investering i kulturlivet ei viktig investering i ytringsfridomen, i demokratiet og i menneske. Kulturlivet er også ein viktig bidragsytar og samarbeidspartnar i næringsutvikling. Venstre vil legge til rette for auka samarbeid på tvers av fagområde og næringar.

### Venstre vil:

- Gi fleire barn, unge og vaksne gode kulturopplevingar der dei bur
- Gi fylkesbibliotek og lokale bibliotek gode rammevilkår og utviklingsmoglegheiter
- Ha høg kvalitet på biblioteka, samt god tilgjengelegheit og eit breidt tilbod
- Gi profesjonelle aktørar og amatørar gode rammevilkår i kulturlivet
- Styrke Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken
- Sikre forsvarleg økonomisk støtte til dei sentrale kunstinstusjonane i Vestland
- Arbeide for å endre den statlege skeivdelinga
- Kulturinstusjonar si evne og moglegheit for publikumsutvikling og eigeninntening skal styrkast



- Gjere fylkeskommunale skulebygg tilgjengelege for det lokale kultur- og organisasjonslivet både på ettermiddagar i kvardagen og til overnatting i helgane
- Styrke musea si forskings- og formidlingskompetanse

### **Frivilligheit, idrett og friluftsliv**

Frivilligheita er ein berebjelke i det norske kulturlivet og samfunnet elles.

Halvparten av befolkninga i Norge engasjerer seg i ulike formar for frivillig arbeid, og det gjer at Norge har eit levande organisasjonsliv. Idretten er ein sentral del av frivilligheita. Å legge til rette for idrett og fysisk aktivitet er ein viktig føresetnad for god folkehelse. Frivilligheita må vere fri og ikkje styrast politisk.

### **Venstre vil:**

- Støtte frivillige organisasjonar sitt arbeid med inkludering og integrering
- Sikre auka, føreseielege og ubyråkratiske støtteordningar for frivilligheita og frivillige kulturaktørar, festivalar og andre lokale kulturinitiativ
- At fylkeskommunen skal støtte og rettleie kommunane gjennom arbeid og tiltak som leggjast til rette for samskaping og medverking med frivilligheita. Samskapinga skal skje på frivilligheita sine premiss
- Legge til rette for lokale idrettsanlegg og fleirbrukshallar, og bidra til bygging av regionale idrettsanlegg
- Stimulere til at idretten opnar for nye formar for idrett, som ved å kombinere e-sport med tradisjonell trening
- Støtte utbygging og utviklinga av lokale og regionale turløyper og andre tiltak som fremjar friluftsliv
- At fylkeskommunen skal ha ein tett dialog med vertskommunane til dei vidaregåande skulane, for å samordne investering i bygg til kultur og idrett retta særleg mot unge
- Arbeide for å styrke ordninga «Tilskot til kulturbygg» (desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg)

## **Kulturhistorie og kulturmiljø**

Historia og kulturarven er ein viktig del av vår identitet og kultur, og fylkeskommunen har eit stort ansvar for kulturminnevernet. Historia utfordrar oss og aukar kunnskapen vår om samtida. Venstre ønskjer ei offensiv satsing på musea og arkiv, i tillegg til det frivillige og offentlege kulturminnevernet.

### **Venstre vil:**

- Styrke fylkeskommunen sitt arbeid med kultur- og fortidsminnevern
- Bruke kulturminnevern som ein ressurs i arbeidet med by- og tettstadsutvikling
- Styrke samarbeidet mellom lokale, regionale og nasjonale kultur- og vernemyndigheiter
- Auke løyvingane for at fleire private eigarar kan få tilskot til å setje i stand verneverdige eigedomar
- Føre årleg rekneskap for tap av kulturminneverdiar og setje mål for å avgrense dette
- At fylkeskommunen skal bidra til at verdsarvkommunane nyttar verdsarvstatusen som retningsgjevande grunnlag for å vidareutvikle kvalitetane i lokalsamfunna
- At fylkeskommunen skal bidra til å nytte verdsarvstatusen som inspirasjon for andre deler av fylket til å sjå kvalitetar i landskap, kultur og næring, odle og forvalte dei for å auke bulyst, verdiskaping og attraksjonsverdi på ein berekraftig måte
- Sikre fleire fellesmagasin for musea i Vestland
- Arbeide for å sikre finansiering av Urnes verdsarvsenter

## **Folkehelse**

Ei god folkehelse føreset at det offentlege mellom anna legg til rette for auka fysisk aktivitet, godt kosthald og lett tilgang til helsetenester. Dette oppnår ein med tiltak på tvers av ulike politikkområde, herunder friluftsliv, sykkel- og gange,

tiltak innan psykisk helse, med meir. Venstre er opptatt av ei heilskapleg tilnærming til folkehelsearbeidet.

#### **Venstre vil:**

- Fortsette å bidra til at alle kommunar får tilbod om dagsturhytte
- Samarbeide med kommunar og frivillige lag og organisasjonar for å tilrettelegge natur- og rekreasjonsområde på naturen sine premiss
- Sørge for godt inneklima i bygg, god luftkvalitet ute og god vassforsyning
- Sørge for gode sykkel- og gangvegar heile året
- Bidra til auka refleks- og bilbeltebruk gjennom kampanjar
- Sørge for at psykisk helse er prioritert, derunder sjølvmondsførebygginga
- Støtte frivillige prosjekt som har som føremål å førebygge psykiske lidingar

## **Tannhelse**

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege tannhelsetenesta. Venstre vil at tannhelsetenesta i Vestland skal ha høg kvalitet og vere lett tilgjengeleg for innbyggjarane våre. Tannhelsa er i eit større perspektiv også relevant for folkehelsearbeidet.

#### **Venstre vil:**

- At godt førebyggjande tannhelsearbeid skal prioriterast
- At tannhelsetenesta i Vestland skal ha høg kompetanse, tilstrekkeleg med ressursar og moderne utstyr
- At tannhelsetenesta skal vere lett tilgjengeleg for innbyggjarane
- Ha ei prøveordning der tannpleiarar kan reise ut til skular og institusjonar for å sikre tannhelsetenesta sitt førebyggingsarbeid
- Styrke tannhelsetenesta si kompetanse til å oppdage omsorgssvikt, overgrep, eteforstyrningar og andre sosiale forhold
- Betre akuttberedskapen for tannhelse i tannlegevakt i heile fylket
- Prøveordning med refusjonsordning for allereie eksisterande tannlegar i

lokalsamfunna

- At fylkeskommunen informerer om rett til gratis eller rimelegare tannhelsetenester etter folketrygdlova

## Vestland fylke

Venstre ser framover. I staden for omkampar, ønskjer Venstre å satse på og styrke Vestland. Derfor krev Venstre at staten overfører fleire oppgåver og meir midlar til Vestland fylkeskommune. Konkret foreslår vi å overføre oppgåvene frå regionalt statleg barnevern (Bufetat) til fylkeskommunalt nivå. Vestland har fleire kommunar som er store nok til å ta i mot større oppgåver, gjerne som prøveprosjekt.

Fylkeskommunen skal ikkje vere ein 'overkommune', og skal sørge for at det lokale sjølvstyret får blomstre. Vestland si rolle som regional utviklingsaktør internt i fylket, og på tvers av fylkes- og landegrenser er viktig å prioritere i eit fylke med så stor iver etter og evne til å skape og utvikle berekraftige verdier.

Ei av dei største og viktigaste oppgåvene for Vestland fylke er å bidra til å stoppe klimaendringane, redusere tap av nedbygd areal, og ruste oss for våtare og villare vår.

### **Venstre vil:**

- Oppmode regjeringa til å tilføre fylkeskommunen fleire oppgåver og midlar
- At fylkeskommunen skal vere varsam med å reise motsegn mot lokale saker, med mindre det reelt går utover viktige regionale eller nasjonale interesser
- Legge til rette for at tilsette i fylkeskommunen kan jobbe heimanfrå og dekke noko av utgiftene knytt til innkjøp av utstyr for å gjere det mogleg
- Styrke fylkeskommunalt tilsette sine moglegheiter til å ta vidareutdanning
- Legge til rette for ein kultur der tilsette i fylkeskommunen kan melde avvik og/eller varsle når det er grunnlag for det, og der det blir gjennomført forsvarleg handtering av avvik og varsel
- Innføre ein parlamentarisk styringsmodell i Vestland
- Gjennomføre forsøksordning med stemmerett til 16-åringar ved fylkestingsval
- Opprette gåve- og lobbyregister